



www.voss.kyrkja.no

Nr 3 | 2026 | 85. år

KYRKJENYTT

for Vossabygdene



Evanger kyrkje

EVANGER KYRKJE
175 ÅR

5

VELLUKKA JUBILEUM
I GRANVIN

6-7

MØT FLEIRE
TILSETTE

8-11



DE HISTORISKE

DÅP, KONFIRMASJON, BRYLLUP, MERKEDAGER OG SMÅ OG STORE SELSKAP
T: 56 52 05 00

DET ER NOE MED FLEISCHER'S

Hit kom de, prinser og prinsesser, konger og dronninger, fyrster og keisere. Til Voss. Til sin forbauselse ankom de så et hotell med en forunderlig velkjent atmosfære av fornemme, kontinentale vaner, av danner gjestfrihet.

MED TRADISJON FOR STORSLAGNE BEGIVENHETER

FLEISCHER'S HOTEL
ANNO 1864

f t i n
56 52 05 00 hotel@fleischers.no fleischers.no

Om Kyrkjentytt:

Kyrkjentytt vert utgjeve av Voss kyrkjelege fellesråd saman med sokneråda i Evanger og Bolstad, Voss, Raundalen, Oppheim, Vinje og Granvin.

I redaksjonsnemnda sit: Bjørg Helland, Ellen Iren Johansen Århus, Heidi Hisdal, Jan Ivar Rødland, Margunn Mørkve og Knut Skiple.

Redaktør: Jorunn Våle Tonckens
Tlf 905 82 101.

E-post: kyrkjentytt.voss@kyrkja.no
Grafisk produksjon: Wenche Horvei
Trykkeri: Molvik Grafisk AS
Opplag: 7400 eksemplar

Kyrkjentytt for Vossabygdene kjem ut som fulldistribusjon. Det tyder at det vert lagt i postkassene til alle husstandar i Voss herad.

Framsidebilette: Hans Tonckens

Voss kyrkjelege fellesråd:

Kyrkjevevje Tor Ivar Johnsson

Tlf 468 72 909. E-post: tj656@kyrkja.no

Assisterande kyrkjevevje

Kjersti Vestrheim Helland

Tlf 900 79 805. E-post: kv934@kyrkja.no

Kateket Rønnaug Eng Skjeldal

Tlf 952 62 025. E-post: rs625@kyrkja.no

Kyrkjelydspedagog Camilla M. Velsvik

Tlf 995 18 194. E-post: cs222@kyrkja.no

Kyrkjelydsarbeidar, trusopplæring

Åshild Bø Kharazmi

Tlf 952 98 681. E-post: ak649@kyrkja.no

Diakon Sigrid Djukastein Mala

Tlf 478 49 134. E-post: sm435@kyrkja.no

Diakonimedarbeidar Anja Slåtten

Tlf 417 04 958. E-post: as257@kyrkja.no

Organist Gohar Marandyan

Tlf 482 26 390. E-post: gm282@kyrkja.no

Organist Ellen Marie Selland Geithung

Tlf 980 64 594. E-post: eg395@kyrkja.no

Organist Edyta Bryk

Tlf 954 30 695. E-post: ebryk@interia.pl

Kyrkjetenar på Bolstad Anny Forthun

Tlf 481 36 520.

Kyrkjetenar på Evanger Nora Mykkeltvedt

Tlf 952 79 970.

Kyrkjetenar på Voss Thomas Velsvik

Tlf 414 75 383.

Kyrkjetenar i Granvin Ingvild Baartvedt

Tlf 468 98 970.

Kyrkjetenar på Oppheim og Vinje

Trond Olav Neteland

Tlf 957 02 327.

Kyrkjetenar i Raundalen Nils Lid

Tlf 901 36 496.

Oppsynsmann for kyrkjegardane

Hege Ukvitne

Tlf 918 74 201.

Kontormedarbeidarar Idunn Holen,

Jorunn Våle Tonckens og Lene Brunborg.

Fellesrådsleiar Linda Utne Tvind

Tlf 401 02 129

Soknerådsleiarar:

Evanger og Bolstad: Anny Forthun

Tlf 481 36 520.

Voss: Randi Kløve

Tlf 952 06 177.

Oppheim: Heidi Hisdal

Tlf 992 54 932.

Vinje: Rigmor Ulvund

Tlf 990 33 293.

Raundalen: Nanna Nordahl

Tlf 917 58 826.

Granvin: Sigvor Melve Schrey

Tlf 911 32 608.

Neste nummer kjem i slutten av november.
Frist for innlevering av stoff er måndag 2. november.

Prestetenesta:

Prost i Hardanger og Voss Arild Hellesøy

Tlf 906 99 533. E-post: ah539@kyrkja.no

Sokneprest i Voss Hans-Christian Küspert

Tlf 954 50 572. E-post: hk782@kyrkja.no

Sokneprest i Vinje, Oppheim og

Raundalen Arnulf Sandvik

Tlf 416 75 653. E-post: as794@kyrkja.no

Sokneprest i Evanger og Bolstad

Frøde Kvamsøe

Tlf 901 96 514. E-post: fk796@kyrkja.no

Sokneprest i Granvin og Ulvik

Anne Marthe Ulvik

Tlf 924 35 096. E-post: au237@kyrkja.no

Ungdomsprest Vetle Leksbø

Tlf 947 93 477. E-post: vl555@kyrkja.no

Kyrkjekontoret på Voss:

Opnings-/	Måndag-fredag 10-14
telefontider:	Onsdag 12-14
Besøksadresse:	Uttrågata 5
Postadresse:	Voss kyrkjelege fellesråd, PB 49, 5701 Voss
Telefon:	56 52 38 80
E-post:	post.voss@kyrkja.no
Heimeside:	www.voss.kyrkja.no
Kontonr:	3480.16.45293

Besøk gjerne heimesida vår:

www.voss.kyrkja.no

Her finn du informasjon om gudstenester, trusopplæringstiltak, påmelding til dåp og mykje anna.

Kyrkja på Voss er på Facebook. Følg oss!!



Skann meg!

Bruk ein mobiltelefon og skann denne qr-koden anten med ein qr-app eller via kamera (Apple-produkter).

Gravplass i Voss

Gravplassadministrasjonen i Voss herad

har kontor i Uttrågata 5 (Kyrkjetunet), tlf 56 52 38 80.

Gravplassforvaltar er Kjersti Vestrheim Helland.





Foto: Kirkerådet/Den norske kyrkja.

«Det er berre gamle folk i kyrkja!»

Andakt av ungdomsprest Vetle Leksbø

«Kvifor skal eg gå i kyrkja? Det er jo berre folk med grått hår der!» Har du høyrte nokon seie det nokon gong? Eller tenkt det sjølv? For det første: Det stemmer ikkje. Rett som det er finst det eit yrande liv der av både born, unge – og eldre.

For det andre: Ja, nokre gonger stemmer det. Det er mange med grått hår der – og nettopp derfor burde du gå der. Du burde vere mykje meir skeptisk om det berre var unge folk der!

Eg er 39 år – kva veit vel eg, og alle som er yngre enn meg, om livet samanlikna med dei som er både ein og to generasjonar eldre? Eg er takksam for og heier på alt ungt engasjement. Men eg lurar på om me har ei naiv tru på at «ung» alltid tyder «dyktig» og «aktuell» og at årstalet 2026 på magisk vis alltid gjer at me veit so mykje betre enn dei som har levd før oss, eller lenger enn oss. Blant dei grå håra på ein heilt vanleg gudsteneste skjuler det seg fantastisk mange spanande forteljingar. Nokre av dei kjem fyrst fram når det er gravferd, noko som i grunnen er altfor seint. Eg har eit mål: Eg skal spørje fleire med grått hår om historia deira, og kor Gud har vore på denne reisa. Det er menneske som har levd eit

langt liv med oppturar og nedturar, kjempa med sjukdom og vanskar, nokre har mista både ektefelle og barn, og likevel, sundag etter sundag vedkjenner: «Eg trur». Til tross for tapa sine. Menn og kvinner som seier: «Eg trur på ein god Gud, på Jesus Kristus og på himmelhåpet – midt oppi alt.»

Den kristne trua er ikkje berre litt religiøst krydder over kvardagen. Noko som berre skal kome med enda fleire gode kjensler i eit allereie fullt liv. Den kristne trua er håp for deg, meg og for verda, på ramme alvor. Ja, om alt anna rundt oss skulle rakne, så er ho faktisk det einaste håpet. Vel verdt å bruke både tid og kreftar på uansett alder. Kanskje er det akkurat dét nokre av dei du ser med grått hår har fått erfare? Dei grå håra er ikkje eit problem for kyrkja; dei er jo sjølve kvalitetsstempelet! Denne trua held nemleg for heile livet. Velkomen til gudsteneste!

«Grått hår er ei fager krone, på rettferds veg er ho å finna.» Ordtaka 16,31

Dette er ei tilpassa utgåve av teksta som først sto på trykk i spalta «Helgetankar» i avisa Hordaland 23.01.26.

Sommarope i Vangskyrkja

Takka vere 12 frivillige kyrkjevakter, har Vangskyrkja vore open for besøkjande 4 dagar i veka i 8 veker denne sommar.

Tekst og foto: Jorunn Våle Tonckens

Sidan Voss kyrkjelege fellesråd ikkje hadde økonomi til å tilsetja turistvertar i Vangskyrkja i sommar, tok soknerådet utfordringa med å skaffa frivillige vakter. Sjølv om ordninga ikkje har vore marknadsført noko særleg, har turistane strøymt til kyrkja. Rekorden er 458 besøkjande i løpet av 3 timar. I tillegg til norske turistar, har det også kome besøkjande frå m.a. Spania, Nederland, Italia, New York og Guadeloupe. Nokre av dei besøkjande har til og med samanlikna taket i Vangskyrkja med taket i Det sextinske kapell.

Inger Sigh Petersen og Signy Tunes er to av dei som har vore med på ordninga, og me har stilt dei nokre spørsmål:

Korleis har de opplevd å vera kyrkjevakter i sommar?

- Me har opplevd det meningsfullt og kjekt å få vera med på denne ordninga. Menneskemøta og samtalan har vore gjevande, og me har også fått prata om nære ting med dei som har ynskt det. Fellesskapet mellom oss vakter har også vore veldig fint. Det er kjekt å oppleve kor interesserte folk er i kyrkja vår, og me har lært mykje om sjølve bygget og kor verdifull kyrkja er. Me opplever det som om heile verda kjem hit til Voss

Kva har oppgåvene dykkar vore?

- Me har låst opp og klargjort kyrkja og sett ut skiltet som viser at kyrkja er open. Elles står me klar til å møta dei besøkjande med eit smil og ynskja dei velkomne. Me får vera kyrkja sitt ansikt i møte med dei som kjem, men me er ikkje guidar. Det er opp til både dei besøkjande og den enkelte kyrkjevakt kor mykje samtale det vert. Mange kjem berre inn og ser seg om, tek kanskje

eit bilete eller tre, og går ut att. Andre ynskjer å snakka med oss om kyrkja, og me får mange tilbakemeldingar om kor flott kyrkja er.

Er de motiverte til å vera kyrkjevakter til neste sommar også?

- Ja, det er me! Og me vil gjerne ha

med oss fleire i kyrkjevakt-laget. Ein treng ikkje vita mykje om kyrkja på førehand, men ein vil garantert læra meir om kyrkja ved å vera kyrkjevakt. I 2027 feirar Vangskyrkja også sitt 750-årsjubileum, så då vert det ekstra fokus på Vangskyrkja.



Signy Tunes og Inger Sigh Petersen har vore frivillige kyrkjevakter i sommar.

Evanger kyrkje 175 år

175-årsjubileet for Evanger kyrkje skal feirast sundag 8. november med jubileumsgudsteneste kl. 11.00 i kyrkja. Etterpå vert det festmåltid i Evanger bedehus. Feiringa er open for alle som bur i soknet og for andre som ynskjer å koma.

Tekst: Evanger og Bolstad sokneråd

Det vert laga ei jubileumssuvenir. Det vert krus med bilete av kyrkja. Krusa kjem og for sal til jubileumsfeiringa. Pris kr 350.

Me lagar og jubileumssuvenir. Det vert krus med bilete av kyrkja. Krusa kjem og for sal til jubileumsfeiringa. Pris kr 175 pr. krus, men kr 300 for to.

Til festmåltidet ynskjer me påmelding, men me vil og ha ekstra

plassar til dei som ikkje har meldt seg på.

Send påmelding til soknerådsleiar Anny Forthun på tlf. nr. 48 13 65 20, innan 1. november.

Soknerådet ynskjer velkomen til feiring av 175-årsjubilanten, og me vonar at mange set av denne datoen og kjem til kyrkje.



Evanger kyrkje. Foto: Hans Tonckens

Ord til ettertanke

Tekst og foto: Hildebjørg Djupvik



*det du seier til deg sjølv
til ditt eige spegelbilete
til dagane dine
må også vere sant*

@hildedjup

KONFIRMANT
20 ✦ 27

Konfirmant 2027?

Me har ein fin flokk konfirmantar det komande skuleåret. Om nokon har tenkt å vere konfirmant men ikkje er påmeldt enno, må dei ta kontakt

med Rønnaug Skjeldal
(tlf 95 26 20 25) snarast.

Påmeldingsskjema finn de på nettsida vår:



Granvin kyrkje i jubelrus

Helga 13.-14. juni stod Granvin i jubelrus med 300-årsfeiring for kyrkja vår.

Tekst: Jan Ivar Rødland og Atle Seim

Festen starta med bokslepp, ei bok som vart tatt godt imot. Ei bok som famna om historia i kyrkja, men ikkje minst historia om kyrkja som ein viktig del av kulturarven vår. Ei sogebok for den «vanlege gravensar» og kva rolle kyrkja har spelt for den einskilde.

Kulturkveld

Laurdag 13. juni var det kulturkveld i kyrkja. Knut Hamre, Monika Kolskår, Arne Ivar Kjerland og Edyta Bryk hadde sett saman ein konsert og ei kulturstund med kyrkja som bakteppe. Monika med si vakre røyst, Arne Ivar som blant anna framførte ein prolog som Ruth Lillegraven hadde skrive. Edyta viste kor vakkert orgelet vårt kunne lyda. Knut hadde ved dette høve fått lånt «Gulleiksfela» som er i Jørund Rong si eiga. Dette er ei botnfela frå 1720 som har lange tradisjonar frå Granvin. Det var veldig

sterkt å høyra ei fela som var omlag like gamal som kyrkja ilag med Knut sitt fantastiske spel!

Festgudsteneste

Sjølve jubileumsgudstenesta på sundag var ei festgudsteneste der blant anna biskop Ragnhild Jepsen og prost Arild Hellesøy deltok aktivt. Rannveig Djønne hadde ansvar for det musikalske og hadde fått med seg songarar frå Ulvik, Knut Hamre, Trond Steine, Silje Hveem Lofthus på fløyta og toradargjengen frå Granvin. Dei framførte ei folkemusikk-gudsteneste som ei ramme for jubileumsgudstenesta. Både ordførar Tonje Såkvitne og andre som hadde møtt opp denne dagen kunne oppleva vakker musikk og song i ei stemningsfull kyrkje! Biskopen heldt ei god og innhaldsrik preik om kva verdiar som er viktige å ta med seg vidare.

Alle som opplevde denne gudstenesta fekk vonleg eit minne for livet, i samspelet mellom musikk, song og sterke ord som vart framført denne dagen!

Festmiddag

Etter jubileumsgudstenesta var det samling i Trudvang til festmiddag for inviterte og påmelde gjester. Jan Ivar Rødland var festleiar og det var helsingar og talar frå fleire hald, blant anna frå Borghild Melve (enka etter Johannes Melve), Aud Gurine Erga som var kyrkjetenar i mange år og ordførar Tonje Såkvitne. Det vart overreikt ei gåve frå Voss Sparebank ved Trond Syvertsen og ei gåve frå Bygdeutviklingsfondet i Granvin ved Olav Seim. Utan slike gode støttespelarar kunne ein ikkje fått gjennomført dette jubileet. Då Anders Seim (med røterfrå Granvin og døypt i Granvins-kyrkja) avslutta talane med



Granvin sokneråd (Sigvor Melve Schrey, Atle Seim, Randi Kalsaas, Ingebjørg Winjum, Leif Harry Øydvinn og Jan Ivar Rødland) saman med ordførar Tonje Ljones Såkvitne, biskop Ragnhild Jepsen, prost Arild Hellesøy og sokneprest Anne Marthe Ulvik. Foto: Ørjan Kalsaas



Kyrkjebuss frå 1964 og bussjåfør frå 1963 (Bjørn Inge Folkedal). Foto: Tor Ivar Johnsson



Granvin kyrkje anno 2026. Foto: Jan Ivar Rødland

å oppfordra biskopen til å ta med seg denne «festhelga» som inspirasjon til andre sokn og ikkje minst klara å få til ei raus og inkluderande folkekyrkje takka festleiaren for laget!

Veteranbuss

I samband med desse dagane fekk

me og tilgang på ein veteranbuss. Bussen gjekk i skytteltrafikk mellom Trudvang og kyrkja. Då løyste me og mykje av parkeringsutfordringane denne helga. Den gamle HSD bussen er den same som vart nytta som kyrkjebuss på 60-70-talet i Granvin.

«Eine kleine kirche»

Me ser tilbake på denne helga som ei særst vellykka jubileumsfeiring av den 300 år gamle kyrkja vår i perfekt sommarvær.

Eller som den tyske turisten som vitja kyrkja så treffande sa: «Eine kleine kirche, aber ein katedral».



Rannveig Djønne si «Folkemusikkmesse frå Hardanger» frå 2011 vart for første gong framført i Granvin kyrkje. Nokre av dei som var med (frå venstre): Rannveig Djønne, Åsmund Nesbakken Røynstrand, Sverre Sollien Lillegraven og Silje Hveem Lofthus. Foto Jorunn Våle Tonckens



Trond Syvertsen overrekte ein gåvesjekk frå Voss sparebank til Granvin kyrkje ved soknerådsleiar Sigvor Melve Schrey. Foto: Jan Ivar Rødland



Yrkesgrupper i kyrkja: Kva gjer me og kven er me?

Tekst og foto: Jorunn Våle Tonckens

I dette nummeret har me snakka med tilsette i Voss kyrkjelege fellesråd som arbeider med administrasjon og kyrkjeleg undervisning og læring (KUL).

KYRKJELEG UNDERVISNING

I kyrkja har me ulike stillingar som arbeider med trusopplæring eller «Kyrkjeleg undervisning og læring (KUL)» som no er det formelle namnet. Her på Voss får døypte i alderen 0-16 år kvart år invitasjon til å vera med på ein T-dag. Desse dagane er det KUL-gjengen som planlegg og gjennomfører i samarbeid med frivillige. I dei nye planane som skal utarbeidast vil også undervisning av vaksne verta inkludert. Nedanfor vil me presentera dei ulike yrkesgruppene og dei tilsette.

KATEKET

Ein kateket leier undervisningsarbeidet i kyrkjelydane. Ei viktig oppgåve for «kyrkja sine pedagogar» er å undervisa konfirmantar og andre unge. Vanlege arbeidsoppgåver for en kateket kan vera:

- Konfirmantundervisning
- Planleggja og gjennomføra leir
- Delta i førebuingar og gjennomføring av gudstenester
- Ansvar for kyrkjeleg undervisning og læring
- Leiartrening, rekruttering og vegleiing av frivillige medarbeidarar
- Ansvar for samarbeid mellom kyrkje, skule og barnehage
- Administrative oppgåver

For å bli kateket i Den norsk kyrkja må du ha mastergrad eller tilsvarande i katekettikk/kyrkjeleg undervisning, kristendomskunnskap eller pedagogikk. Kateketar vert vigsla til kateketteneste av ein biskop.

KYRKJELYDSPEDAGOG

Ein kyrkjelydspedagog arbeider med å formidla kristen tru gjennom mange ulike aktivitetar. Dei er også med på å skapa gode relasjonar og fellesskap i nærmiljøet, særleg for barn og unge.

Vanlege arbeidsoppgåver for ein kyrkjelydspedagog kan vera:

- Planleggja og gjennomføra aktivitetar for barn og unge
- Samarbeida med tilsette og frivillige om barne- og ungdomsarbeid
- Rekruttera frivillige medarbeidarar
- Organisera familiemiddag og babysong

- Skapa gode møteplassar, relasjonar og eit godt fellesskap for born og unge i kyrkja
- Administrative oppgåver

For å bli kyrkjelydspedagog må du ha utdanning på bachelor-nivå innan kristendom og pedagogikk.

KYRKJELYDSARBEIDAR

Ein kyrkjelydsarbeidar er en person som er tilsett for å hjelpa til med dei praktiske, sosiale og administrative oppgåvene i kyrkja. Vanlege arbeidsoppgåver for ein kyrkjelydsarbeidar kan vera:

- Planleggja og leia aktivitetar for barn og unge (som søndags-skule, kor, babysong og barne- og ungdomsklubbar)
- Delta i gudstenester knytt til trusopplæring og andre trusopplæringsaktivitetar
- Praktisk arbeid rundt gudstenester og andre samlingar
- Administrative oppgåver

Personar med mange ulike utdanningar og bakgrunnar kan arbeida som kyrkjelydsarbeidar. Uansett er det ein fordel at den tilsette har god kommunikasjonsevne og kan engasjera og inspirera andre.

Kjelder: utdanning.no og kirken.no

1. Kvifor søkte du på jobben du no har?

2. Kva likar du best med stillinga di?

3. Kva likar du minst med stillinga di?

4. Kva tenkjer du er di viktigaste arbeidsoppgåve?



Rønnaug Eng Skjeldal

Kateket

Tilsett sidan: 1992

1. Eg var eittåring (ungdomsarbeidar) i Laget (Norges kristelige student- og skoleungdomslag) då eg var ung, og syns det var veldig kjekt. Likte leir-arbeidet godt, og skjøna at eg ville arbeida med menneske. Jobba ei stund som pleieassistent på eit sjukehus, men det var ikkje rette plassen for meg. På ein lagsleir fekk eg spørsmål om kva eg ville bruka livet mitt på, og det visste eg ikkje. «Du skal ikkje bli kateket då?» var neste spørsmål. Etter at eg hadde funne ut kva ein kateket var og tenkt litt, bestemte eg meg for å utdanna meg til kateket.

2. Variasjonen – og det å vera saman med ungdomar! Det er kjekt å ha konfirmanttimar der konfirmantane vert engasjerte. Leirar der alt «glir» og folk trivs er kjekt, og så likar eg å leia gudstenester og t.d. konfirmantforeldremøter. Å vera med på T-dagar er også fint, og eg syns det er stas å bli kjent att på gata av born som har vore i kyrkja.

3. Det er få ting eg ikkje likar, men for mange veker med berre kontorarbeid er ikkje så kjekt. Då saknar eg samspelet med andre og det å treffa born og unge.

4. Å vera med og laga godt miljø i Ten Sing og konfirmantgruppene: Det å skapa eit miljø der unge kan verta kjende med Gud, seg sjølve og oppleve at dei er gode nok. Samspelet mellom folk er viktig og det er godt når me kan få ein himmel over det.



Camilla Margareta Velsvik

Kyrkjelydspedagog

Tilsett sidan: 2013

1. For å hjelpe barn og unge til å bli kjende med kyrkja og trua på eit nivå som er tilpassa dei. At det store, annleise bygget på Vangen skal bli ein del av deira kvardag, og at dei skal få vita kva kyrkja står for og kva me trur på. Slik kan borna sjølve ta eit aktivt val om kva dei ynskjer å tru på.

2. Å vera i lag med borna. Å snakka med dei, og ta deira tankar og spørsmål på alvor. Å drola i lag om ting som er større enn me kan forstå. Så er det jo alltid kjekt med lek og moro og då.

3. Eg veit ikkje kva eg skal seia. Jobben er veldig variert, og det likar eg veldig godt. Men nye planar og planarbeid er kanskje ikkje favoritten...

4. Å sjå borna. Utan tvil. Borna er for meg dei viktigaste. Eg meiner at ser me borna då ser me og dei vaksne. Det er og viktig for meg å ufarleggjera kyrkja. For eit barn kan kyrkja vera ekstremt stor. Og har ein berre vore der inne i ei gravferd så kan sjølve bygget bli skummelt. Då er det viktig med forklaring og lek. Eg trur ikkje at alt heile tida skal vera så alvorleg. Eg trur at Jesus også leika, eg.



Åshild Bø Kharazmi

Kyrkjelydsarbeidar, trusopplæring

Tilsett sidan: 2012

1. Det vart ledig eit vikariat som dirigent for barnekor, tweensing og babysong, og dette var arbeidsoppgåver som tiltalte meg. Eg hadde tidlegare arbeidd i barnehage, og likar born og det å få arbeida for og med born. Etter kvart fekk eg ei fast stilling.

2. Kontakten med borna! Dei er så ærlege og spontane – responsen kjem umiddelbart. Dei finn gleder i så mykje som me vaksne har gløymt. Å sjå at borna meistarar noko og gleder dei får av dette er svært kjekt å få oppleve. Babysong er jo det kjekkaste som finst og ein fin møteplass, spesielt for dei som kanskje ikkje har så stort nettverk. Leiken er også viktig, og eg er stolt av å vera den barnslegaste på heile kontoret.

3. Eg er ikkje så glad i lange møter (eller å verta intervjuet av Kyrkjenytt). Det handlar nok om at eg er ein meir praktisk anlagt person.

4. Å få folk til å føla seg velkomne i kyrkja i høve til jobben me skal gjera, og at dei som kjem skal føla seg sett og høyrte.





ADMINISTRASJONEN

Kyrkja er ein stor arbeidsplass som også krev god leiing og økonomi-styring. Det er fleire mogelegheiter til ulike spanande kontor- og fag-jobbar i kyrkja. I administrasjonen på Voss er det i dag tilsett kyrkje-verje, assisterande kyrkjeverje og tre sekretærer i deltidsstillingar.

KYRKJEVERJE

Ei kyrkjeverje har ei sentral leiarstilling i kyrkja på lokalt plan, og er tilsett av eit kyrkjeleg fellelråd, som er eit folkevalt organ i Den norske kyrkja.

Vanlege arbeidsoppgåver for ei kyrkjeverje:

- Økonomi, drift og ansvar for tilsette
- Ansvar for drift og vedlikehald av kyrkjebygg og gravplassar
- Strategi, plan- og utviklingsarbeid
- Sekretær og sakshandsamar for fellelrådet

Stillinga som kyrkjeverje krev høg kompetanse innan fagområde som leiing, økonomi, forvaltning og administrasjon. Anna relevant kompetanse kan vere utdanning innan pedagogikk, teologi, diakoni og praktisk-kyrkjelege fag.

I tillegg til god formell utdanning er leiareigenskapar naudsynte, til dømes å vere flink til å organisera og administrera. Gjennom ei veke møter kyrkjeverja menneske i ulike situasjonar, dette krev gode sosiale eigenskapar.

SEKRETÆR

Dei daglege oppgåvene på eit kyrkjekontor er mange og varierte.

Vanlege arbeidsoppgåver for ein sekretær:

- Dagleg kontakt med publikum, svara på telefon og e-post
- Arkivering og digital kyrkjebokføring
- Informasjonsarbeid og statistikkrapportering
- Kontoradministrasjon i samband med gravplassdrifta
- Praktisk tilrettelegging ved gudstenester, bryllaup, dåp og gravferd
- Innkjøp

Ei sekretærstilling krev normalt kunnskap innan data, økonomi og administrasjon. Ein må ha evne til å arbeide raskt, systematisk og nøyaktig, og kunne arbeide både sjølvstendig og i team. God skriftleg og munnleg framstillingsevne er også ein fordel.

Kjelder: utdanning.no og kirken.no

1. Kvifor søkte du på jobben du no har?

2. Kva likar du best med stillinga di?

3. Kva likar du minst med stillinga di?

4. Kva tenkjer du er di viktigaste arbeidsoppgåve?



Tor Ivar Johnsson

Kyrkjeverje

Tilsett sidan: 2026

1. Eg hadde eigentleg slått meg til ro i Accountor med gode kollegaer. Då eg oppdaga stillingsannonsen på Facebook tenkte eg at her står det jo om meg. Sa til kona mi at dersom eg vert ferdig med å skriva søknaden før kl. 24.00 sender eg den. Eg hadde ikkje søkt på stillingar på 29 år, men vart ferdig kl. 23.50.

2. At stillinga er veldig varierande og spanande der

eg lærer noko nytt kvar einaste dag. Her møter eg nye problemstillingar og fagfelt eg ikkje har vore borti før, og har vorte kjend med miljø, kollegaer og «kundar» eg var lite kjent med tidlegare.

3. Eg gler meg til å gå på jobb kvar dag, men eg synest det er trasig at me som har ein så viktig og samfunnskritisk funksjon er så underfinansiert frå kommunalt hald. Eg vert også

forundra og lei av å høyra at nokon tek ut eigen frustrasjon og brukar kjeft på mine tilsette som gjer jobben sin som best dei kan. Det er trist at folk vel å bruka energien sin på slikt.

4. Å få «kyrkje-laget» som skal utføra viktige samfunnsoppgåver til å fungera best mogleg saman utifrå dei rammene me har.



Kjersti Vestrheim Helland

Assisterande kyrkjevevje
Tilsett sidan: 2024

1. Då eg las stillingsannonsen såg eg at dette var ei variert stilling med mange ulike arbeidsoppgåver som eg syns kunne passa for meg.

2. At eg har så varierte arbeidsoppgåver og at ingen dagar er like. Og så har eg veldig gode kollegaer med ulike kunnskapar og erfaringar. Eg trivs godt saman med dei.

3. Det er ingen ting eg ikkje likar og eg syns arbeidsoppgåvene er greie. Som alt anna i livet er noko kjekt og noko mindre kjekt. Me kan ikkje alltid berre gjera det kjekke – me må også gjera det nødvendige.

4. Å vera med å syta for at kyrkjekontoret tilbyr gode tenester til innbyggjarane i Voss herad. Eg syns det er viktig at kontoret er tilgjengeleg og ope for publikum, og at dei som tek kontakt via telefon og e-post får svar. Kontoret har vore ope i heile sommar, og eg trur det er viktig at me framleis har eit kontor der folk kan koma innom og få hjelp når dei kjem.



Idunn Holen

Sekretær
Tilsett sidan: 2013

1. Eg har stort sett arbeid som sekretær på forskjellige avdelingar på kommunale kontor tidlegare. Då stillingsannonsen frå kyrkja dukka opp, var eg på leit etter ein ny jobb. Difor søkte eg stillinga, fekk den og starta som sekretær på kyrkjekontoret.

2. Publikumskontakten og det å få hjelpa folk. Arbeidet er variert og arbeidsmiljøet er fantastisk. Eg gler meg alltid til å gå på jobb.

3. Veit ikkje heilt om eg kan koma på noko der, for eg har alltid likt å jobba som sekretær der ein har moglegheit til å hjelpa folk.

4. Vera serviceinnstilt, medmenneskeleg og møta folk på ein venleg og respektfull måte, både på telefon og dei som kjem innom kontoret.



Lene K. P. W. Brunborg

Sekretær
Tilsett sidan: 2013

1. Eg valde å bli sekretær fordi det er ein variert jobb med kjekke arbeidsoppgåver som eg trudde eg ville trivast med. Sidan eg hadde drive med slektsforskning i fleire år, var eg ikkje heilt ukjend med graver.

2. Det eg liker best er å få administrera gravplassane i heradet. Det er ei ærefull oppgåve som eg har stor respekt for. Dessutan likar eg at arbeidet er variert, og for meg er det bra å kunna arbeida frå heimekontor og styra arbeidstida sjølv.

3. Eg er som kjent ikkje den beste til å skriva på nynorsk, så å oppdaga alle feila eg som austlending gjer, er nok det som er vanskelegast.

4. Det er nok å ha ansvaret for dei store årlege faktureringane. I tillegg føl eg opp alle gravferder og syter for at alle opplysningar vert rett i gravprotokollane.



Foto: Åshild Bøe

Jorunn Våle Tonckens

Sekretær
Tilsett sidan: 2024

1. Eg starta min arbeidskarriere i kyrkja som ung, og utdanna meg til kyrkjelydssekretær. Etter å ha arbeid fleire andre stader, m.a. i butikkar og på skular, følte eg meg klar for å slutta ringen og søkte på sekretærstillinga på kyrkjekontoret.

2. Det å møta ulike menneske, både ansikt til ansikt og gjennom telefon og e-post, opplever eg meningsfullt. Dersom eg kan vera til hjelp for dei som kontaktar kyrkjekontoret og for kollegaer, syns eg det er veldig kjekt. Og så set eg stor pris på å få arbeida saman med så mange ulike og kjekke kollegaer. Ein bonus ved å arbeida i kyrkja er at ein har diakonar som kollegaer.

3. Det at arbeidsgivaren min, Voss kyrkjelege fellesråd, er i ein økonomisk utfordrande situasjon, påverkar arbeidet vårt og gjer det vanskeleg å planleggja fram i tid.

4. Å møta alle som tek kontakt med kyrkjekontoret på ein god måte og prøva å hjelpa dei med spørsmåla dei måtte ha. I tillegg er det mange administrative arbeidsoppgåver som skal utførast både åleine og i samarbeid med kollegaer.



Dugnad i Raundalen

Raundalskyrkja trong sårt skraping og måling, spesielt nedre del. Soknerådet kalla inn til dugnad fredag 28. og laurdag 29. mai.

Tekst: Nanna Nordal
Foto: Tor Ivar Johnsson

I byrjinga av veka såg vêrmeldinga dårleg ut, regn heile dagen. Men så vart det meldt mindre og mindre regn. Me forhøyrd oss hos Tvilde fargehandel og bestemde oss for å gå i gang. Og regnet heldt seg unna medan me heldt på, det kom då me heldt på å rydda saman fredag kveld og heldt fram utover natta. Men så gav det seg, og me fekk perfekt målevêr laurdag: oversky, mildt og lite vind.

Fredag var det 20 som stilte, med smått og stort. Me sette maskeringsteip på vindauga, skrapa og måla. Litt saft og kake gjorde godt. Neste dag var me totalt 22 personar som starta arbeidet kl. 12.00.

Nokon kunne berre fredag, andre kom laurdag. Totalt har nok ca. 30 personar vore i aktivitet, ein eller



Arbeidet går unna når så mange er i sving samstundes.

fleire timar. Alle monner dreg.

Alle hadde godt humør og arbeidslyst. Alt i nedre del har fått minst eitt strøk. Dei flatene og vindauga som me hadde måla fredag, fekk strøk nummer to. Me fekk

også måla grindene eit strøk.

Etter to timar var det matpause, suppe, kaffi og kaker. Me hadde langbord ute og praten gjekk. Ved opp-
teljing hadde me representantar frå 8 nasjonar. Ikkje dårleg. Det var unge

Skiplestemna 2026

Tekst og foto: Knut Skiple

Skiplestemna vart i år arrangert sundag 28. juni på Skiple gamle kyrkjegard. Andakt var ved prest Brigt Sigve Skeie, som og fortalde frå sine år som sjømannsprest i Dubai i Midt Austen.

Vidare var det matøkt med medbrakt mat. Frammøte var bra, 25 personar, og regnet held seg vekke.

Ein god gjeng var samla til Skiplestemna i slutten av juni.



Brigt Sigve Skeie fortalde frå tida som sjømannsprest i Dubai.



Berit Hauge Våle og Nanna Nordal frå soknerådet var takksame for all den gode hjelpa.

og gamle, fastbuande, hyttefolk og medlemmer av Voss elveklubb. Praten gjekk livleg og me vart betre kjende med kvarandre. Det var eit fornøgd sokneråd som pakka saman laurdag kveld.

Tusen takk til alle som deltok!



Ein flott gjeng med personar frå 8 ulike nasjonar stilte opp på dugnaden.

Dugnad Mjølfjell kapell



Ein fin gjeng var samla til dugnad ved Mjølfjell kapell 22.07.26 før olsokgudstenesta ei veke seinare. Foto: Linda Utne Tvinde

Takk til Frode organist

Under gudstenesta i Vangskyrkja 9. august vart det markert at Frode Raymond Vik sluttar som organist i Voss. Me har fått lov å trykkja helsinga som Arne Mosefinn bar fram på vegne av Voss sokneråd.

Tekst: Arne Mosefinn

Foto: Jorunn Våle Tonckens

Kjære Frode Vik!

Det kom som ei stor overrasking at du no skal slutta som organist hjå oss. Du har vore dyktig både på orgel og flygel, som leiar av salmesongen og som akkompagnatør. Du ser ut til å meistra alle musikkformer – nærast på sparket. Ein kvar prest kan kjenna seg trygg når du sit på orgelkrakken.

Når det skal haldast gravferd for meg, ville eg ha likt å høyra deg spela «Vårsøg» i jazz-form.

Du har det ikkje med å framheva deg sjølv - når gudstenesta/seremonien er over – er gjerne du og borte. Og ditt varemerke har vore å koma 5 minutt før – likevel er du trygg i den oppgåva du har. Er øving noko pinglete for deg?

Me er takksame for den tida du har vore hjå oss, og vil ynskja deg lukke til med dine vidare oppgåver!



Frode med buketten han fekk frå Voss sokneråd etter 35 år som organist i Vangskyrkja.

T-dagar i kyrkjene våre

T-DAG

Desse sidene er avsett til T-dagane i Voss.

T-dagane er ein del av kyrkjeleg undervising og læring. Målet er at alle døypte i Den norske kyrkja skal bli inviterte til ein T-dag i kyrkja sin regi minst ein gong i året fram til dei fyller 18 år. På desse sidene vil de finna reportasjer frå det som har skjedd på T-dagane i det siste.

T9 Pilegrimsvandring for alle sokn

Sundag 7. juni markerte kyrkjelydane i Voss T9-dag med «Pilegrimsvandring» på Kongevegen mellom Oppheim kyrkje og Vinje kyrkje (også T8-dag for Evanger og Bolstad). Tema var: Pilegrimsvandringa til Nidaros og Arven etter Olav den Heilage.

Før dei la ut på tur, fekk pilegrimsvandrarane informasjon i Oppheim kyrkje. Her møtte dei staseleg vikingkledde Per Anders Tveite som Heilag-Olav, som gav ros og råd for vandringa. Med pilegrimspass rundt halsen og pilegrimskross i front bar det av garde med fyrste stopp ved «Mor si grav». Kva skulle det ha med Heilag-Olav å gjera? Jau, Per Sivle var ikkje berre opptatt av minnet om mor, Susanna. Sivle skreiv eiga diktsamling, kalla Olavskvede, som omhandla mykje av Olav sitt liv. Mest kjent er diktet Tord Foleson som handlar om Olav sin merkesmann som bar kross-merket fremst i slaget på Stiklestad og korleis det gjekk med han. Pensjonert sokneprest John Ove Thaule lånte dagens pilegrims-kross, las og dramatiserte der på den gamle gravbakken Sivle-diktet om kross-beraren Tord Foleson.

Avslutningsorda i diktet står på den store Sivlesteinen på toppen av Stalheimskleivi:

*«Og det er det stora, og det er det glupa;
at merket det stend, om mannen han stupa».*

T9-vandrarane skifta på å bera pilegrims-krossen. Undervegs var det mange stopp knyta til vegen lokalt og den nasjonale betydning pilegrimsvandringa til Nidaros har hatt i Noreg, ja, i europeisk samanheng. Innimellom var det song medan me gjekk. Litt utfordrande leik var det også plass for. Og diakonimedarbeidar Anja Slåtten saman med borna overraske dei vaksne med godteri-tre(!) undervegs.

På Vinje gamle kyrkjegard møtte me den ekte pilegrimsvandrararen frå mange land, Ivar Husdal, i mellomaldersk klesdrakt og med vandringsstav. Me hadde intervju med han.

Turen enda i Vinje kyrkje med bollar, saft og kaffi som sokneråda hadde stelt i stand.

4 km i flott tur-vêr på ein svært gamal og viktig veg full av lærerik historie!

Tekst: John Ove Taule





Skattejakt for seksåringane ved Vangskyrkja og ved Granvin kyrkje

K1 Første- klasses



Dei to siste måndagane i august var forventninga stor ved Vangskyrkja og Granvin kyrkje. Det var laga i stand til skattejakt og ferske fyrsteklassingar hadde fått invitasjon og skattekart i posten.

Rundt kyrkja var det ulike postar med forteljing, song, oppdrag og bokstavar dei skulle setje saman til eit ord. Inne i kyrkja fekk dei med seg eit lite dokketeater med Lisa og Per som òg nett har byrja på skulen.

Målet med skattejakta var å finne nøkkelen til ei skattekiste som sto på altaret. Nøkkelen vart funnen inni ein bibel, kista kunne opnast og kvar av borna fekk ei pakke med ei bok, ein ballong, ein "gullmynt" og eit armband der det står: "Eg er heilt fyrsteklasses". Alle menneske er heilt fyrsteklasses, òg dei som ikkje går i første klasse. Og det er me fordi Gud har skapt oss slik.



Greier du å laga eit ord av desse bokstavane?

E I B B L N E



T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈

Sommartur til Granvin

Onsdag 26. august
arrangerte misjonsnemnda
i Voss sokn sommartur til
Granvin.

Tekst og foto:
Sigrid Djukastein Mala

Der vart det flott omvising i Granvin kyrkje med Jan Ivar Rødland. Derifrå gjekk turen til Bygdatunet i sentrum der me fekk omvising og historie med Olav Seim. Museet viser lokale gjenstandar og den botaniske samlinga etter Johan Havaas.

Me avslutta den fine ettermiddagen med god fiskesuppe og kaffi og kake på Jaunsens Gjestgjevarstad - ei oppleving for seg sjølv i det gamle ærverdige lokala og ei flott vertinne!

Takk til alle som deltok for ein fin sein-sommar ettermiddag.



Jan Ivar Rødland hadde ei flott omvising i den 300 år gamle kyrkja.



Fleire testa dei gamle skulebenkane i Bygdatunet.



Turgjengen samla utanfor Jaunsens Gjestgjevarstad. Vertinne Eli Stangeland står i døra.

Gåve til Kyrkjenytt?

Hjarteleg takk til dykk som har betalte bladpengar og støtta bladarbeidet med gåver så langt i år!

Økonomien til Voss kyrkjelege fellesråd er utfordrande, og Kyrkjenytt går med underskot. Ynskjer du å støtta kyrkjebladet vårt med ei gåve, er me svært takksame for det. Alle gåver, uansett storleik, kjem godt med. På førehand takk for støtta!

Gåver kan også gjevast via Kyrkjenytt sitt VIPPSnummer 568391

Kvittering			
Innbetalt til konto	Beløp	Betalerens kontonummer	Blankettnummer
3480 16 45293			6061156877
Betalingsinformasjon		GIRO	Betalingsfrist
Faktura 9846 Gåve til Kyrkjenytt		Underskrift ved girering	
Betalt av	Betalt til		
Mottakarar av Kyrkjenytt	Voss kyrkjelege fellesråd Postboks 49 5701 Voss		
Belast konto	Kundeidentifikasjon (KID)	Kroner	Øre
	20039098460		
Til konto		Blankettnummer	
< 3480 16 45293		<6061156877>	

Helgemesse/ Allehelgensdag

Sundag 1. november er det helgemesse/
allehelgensdag som vert markert i alle våre sokn.

Tekst: Diakon Sigrid Djukastein Mala

Foto: Lars Ove Lunde

Der vert pårørende og familie som har mista ein av sine invitert til ei minnegudsteneste med rom for sorg og sakn.

Denne dagen er også for oss alle som har mista nokon vi var glade i, uansett om det er gått få eller mange år.

For mange er denne dagen ein minnedag, då tankane våre går til dei som ikkje lenger er mellom oss. Mange går til kyrkjegarden, på grava eller minnelunden denne dagen, for å minnast dei som er døde og tenna lys. Vi i kyrkja ser ikkje berre dei vakre lysa, vi ser òg at livet er skjørt og sårbart og vi alle treng håp og trøyst. Denne dagen vert liva våre sette i ein større samanheng.

På dei ulike minnegudstenestene vil me minnast og lesa opp namna på dei som er gravlagde i sitt sokn sidan sist minne-gudsteneste,

i innråming av vakker musikk.

For nokon har det gått eitt år, for andre kortare tid, for dei fleste vil det opplevast som kort tid sidan dødsfallet og saknet er sårt. Vi ynskjer difor å invitere dykk til ei stille stund i kyrkja på allehelgensdag, der me alle er omgjevne av menneske og Gud i sorga.

Vi sender ut ein invitasjon via brev til dei som er pårørende siste året, men her er alle velkomne år etter år. Ein dag der vi alle minnest våre.

I år vert det minnegudstenester i desse kyrkjene:

Evanger kyrkje kl. 11.00

Vangskyrkja kl. 17.00

Raundalskyrkja kl. 17.00

Granvin kyrkje kl. 19.00

Oppheim kyrkje kl. 19.30



Det vil også vere ope i Vangskyrkja frå 12.30 – 14.00.

Der er alle som saknar sine, hjarteleg velkomne innom for ei roleg stund. Her kan du sitte ned og tenne lys. Der vil også være nokon å snakke med av tilsette i kyrkja om du ynskjer det.

De er alle hjarteleg velkomne!

Sorggruppe

Å miste ein du er glad i, kan vera noko av det vondaste du kan oppleve i livet. Det tek tid - ofte lang tid - og er ofte svært tungt å arbeide seg gjennom. Smerta verkar lammande, og tek gjerne alle krefter me har. Det er store forandringar i livet og familien, mange ting å ta avgjersler til, og gjerne forventningar til at du etter kvart skal fungere som før - når livet ikkje lenger er som før.

Mange opplever å ha mange rundt seg i starten men så kjem kvardagen og du vert meir åleine.

Då kan ei sorggruppe vere fint å være med i, møta andre i liknande situasjon. Ei gruppe på 5-8 stk. som møtes over 10 kveldar. Her er det rom for å dela det meste og slik vere til hjelp og støtte for kvarandre.

Sorggruppa vert leia av diakon eller prest, som har erfaring med sorg og samtalar i ulike livssituasjonar. Ein vil og ta opp ulike tema knytt til sorg, sakn og vegen vidare.

Gruppa er open for alle, uavhengig av tru og livssyn.

Velkommen til å ta kontakt med **diakon Sigrid D. Mala**, tlf. 478 49 134, e-post: sm435@kyrkja.no eller

diakonimedarbeidar Anja K. Slåtten, tlf. 417 04 958, e-post: as257@kyrkja.no for meir informasjon og påmelding. Du kan og ta kontakt med di lokale kyrkje for påmelding.

Fleire opplysningar finn du på www.voss.kyrkja.no, eller telefon til kyrkjekontoret: 56 52 38 80.




Foto: Bo Mathisen/Den norske kyrkja

Din rørleggjar i sentrum Comfort Helge Nikolaisen A/S Installasjon - Service - Vedlikehald Velkomen i butikken! Tlf. 56 51 26 28 Vangsgt. 4, 5700 Voss	 vatt & vilt Padlekurs på Elv og Hav – Teambuilding www.vaattogvilt.no - Tlf 91374995	 Voss Møbel & Trevareverkstad AS Skyvedørskarmar Loftstrapper Inspeksjonsluker Tlf. 56 52 10 10 www.vmt.no
O.L.KYTHER AS entreprenør Melsvegen 7, 5710 Skulestadmo Tlf. 56 52 38 60	norli Norli Vossevangen Vangsgata 27, 2700 Voss Tlf. 56 51 11 16	Pianostemmer Voss På tide å stemme pianoet?  pianostemmervoss.no Tlf. 99 43 53 36
GRAVSTEIN Nye gravmonument, tilføyningar og oppussing – ta kontakt med: STEIN & MERKE Per Vinje – Tlf. 56 51 69 88 – 908 52 099	Vekselbanken Ein god medspelar Telefon 56 52 35 00 – med tilbod til liten og stor	 Uinjo
 Voss Energi -rein vossakraft!	Me ordnar alt vedrørende dødsfall Sal og service av gravmonument - Formidling av blomar VIRKE GRAVFERD Vinsands GRAVFERDSBYRÅ Telefon 56 51 11 94 www.vinsand.no	 VOSS SPAREBANK BYGDA SIN BANK post@vossabanken.no 56520300
VOSS KOMMUNIKASJON Me leverer trygg IT og kommunikasjon med kunden i fokus. post@vossk.no Tlf. 56 52 30 30	Di annonse her? Kontakt oss på telefon 56 52 38 80 eller e-post: kyrkjennytt.voss@kyrkja.no 	

Bøker som er til sals ved Kyrjekontoret for Voss:



Reidar Reime
Raundalskyrkja - 100 år
Utgjeven 2021. Kr 275.



Per Jon Odéen
Mjølffjell kapell 50 år
Utgjeven 2017. Kr 150.



Vossestrand i helg og kvardag
Oppheim og Vinje kyrkjer 150 år
Utgjeven 2017. Kr 150.



Granvin sokneråd
Granvin kyrkje 300 år
Utgjeven 2026. Kr 350.



Arbeidet med Hozo-ordboka er avslutta

Etter seks år med arbeid, er Hozo-ordboka klar for trykking.


Tekst: Britt Hernes

Boka skal utgjevast i både papir-form og i ein ordbok-app. Den gjev eit vitskapleg og solid grunnlag for vidare språk- og misjonsarbeid til denne minoritetsgruppa i Vest-Etiopia. Arbeidet har vore både spennande og krevjande. Det å setja saman ei ordbok til eit språk som tidlegare har vore uskrive har kravd

tusenvis av oppføringar og eksempelsetningar.

På same tid som det vart arbeidd med ordboka, vart eit rettskrivingssystem utvikla. Dette fungerer som ei trygg ramme for skrivning av tekstar og er mogeleg for omsetjing av Bibelen på sikt. Fokuset no er å omsetja og trykkja mindre tekstar og likningar som; «Den gode hyrdingen», «Den miskunnsame samaritanen» og andre kjende likningar til Hozo.

Også fleire sørafrikanske barnebøker vert omsett med



Omslaget til Hozo-ordboka har tradisjonelle motiv, m.a. «Hozo Sacred Mountain».

støtte frå ein amerikansk kristen organisasjon.

Seid Imam og Kardis Abdisa har vore trufaste språkinformantar og omsetjarar gjennom mange år. Arbeidet deira er blitt godt motteke sjølvom Mao-folket etter tradisjonen har vore skeptiske til kristen-

domen. Også til den lokale kyrkja. No diskuterer dei ivrig kristne tekstar og er stolte over at dei er skrivne på Mao-språka. Det er ei oppmuntrande utvikling som dei håpar vil fortsetja.

Me ber om at arbeidet med Mao-språket må lukkast.

Voss sokn sitt misjonsprosjekt støttar NMS (Det Norske Misjonsselskap) sitt arbeid i Etiopia.

«Herren gav meg brødre»

Foredrag i Vangskyrkja 31. mai av Alf Tore Hommedal.

Vossakyrkjemessa i år hadde som tema Frans av Assisi. Professor Alf Tore Hommedal gav oss eit interessant bilete av denne munken, men også kva denne rørsla hans hadde å seia for bygginga av Vangskyrkja.

Frans var fødd i 1181 eller -82. Han vaks opp i ein rikmannsfamilie, men sa frå seg alle privilegia då han i 1205 eller -06 opplevde ei sterk omvending. Han kledde seg i ei grov skjorte av hestehår og reiste rundt som tiggjar. Likevel stråla han av glede. Det var mange som etterkvart fylgde han, og fransiskanarordenen vart godkjent av paven i 1209. Ordenen kan liknast med dagens Frelsesarme og Franciskushjelpen. Dei tok seg av fattige, sjuke og spedalske,

og oppretta institusjonar for desse.

Uttrykket: «å forkynna evangeliet først og fremt gjennom handling – og om nødvendig med bruk av ord» kan tilskrivast Frans. Den kjende Frans av Assisi si bøn er likvel truleg skriven på 1800-talet. Men Solsongen er skriven av Frans på slutten av livet hans. Den vitnar om hans store omsorg for skaparverket.

Frans døydde i 1226. Dei siste åra hans var prega av sjukdom og smerte. Han hadde trekt seg attende til fjellet La Verna for å leva isolert i bøn og faste. Då fekk han sårmerke på kroppen slik Jesus hadde då han døydde (stigmata). Ei bøn han bad på dødsleiet kan ha vorte framført i Vangskyrkja.

Ordenen fekk rundt 1230 fotfeste i Noreg, og det var etablert 6 kloster her. Eitt av dei låg i Bergen, om lag der domkyrkja ligg i dag. Her vart det bygt eit kloster og eit hospital m.a. for spedalske.



Frans frå Assisi.

Kong Magnus Lagabøte vaks opp i Bergen. Her må han ha fått god bokleg opplæring, og han var ein flittig tilhøyrar til undervisninga ved byen sin fransiskanarskule. Då broren døydde og han vart konge i 1263 prega denne tilknytninga han sterkt. Det ser vi att i Landslova. På den måten kan vi og seia at Frans indirekte har tilknytning til Vangskyrkja.



OPPSLAGS-



NORSKE
KIRKEAKADEMIER

Voss Kyrkjeakademi

i samarbeid med Voss sokneråd og Voss mållag

Vangskyrkja 11. november kl. 19.00

"100 år med Nynorsk salmebok"

Jens Brekke fortel om språk, debatt og nynorsk motstand, og om dei som nådde fram med nynorsk som kyrkjemål.

Knytt saman med solosong ved **Berit Opheim** og

salmar til allsong med organist **Gohar Marandyan**.

Kr. 200.

Støtta av Folkeakademiet Voss

Seniortreff

i Vonheim tysdagar kl. 12.00

13.10. Mannekengoppvising

10.11. Ynsjekonsert v/Odd Hagen

08.12. Adventsstund



Pris kr. 200. Skyss? Ring 478 49 134.

Kontaktperson: Sigrid D. Mala. Tlf. 478 49 134.

Evanger kyrkje 175 år

Søndag 8. november kl. 11.00

Jubileumsgudsteneste v/prost Hellesøy og sokneprest Kvamsøe. Festmåltid i Evanger bedehus etter gudstenesta.

Påmelding til festmåltidet:

Anny Forthun, tlf. 481 36 520 innan 01.11.2026.

Arrangør: Evanger og Bolstad sokneråd



Bibel & Misjon

i Prestegarden onsdagar kl. 19.00-21.00

21.10. Genesis/1. Mosebok v/Hans-Christian Küspert

18.11. Genesis/1. Mosebok v/Hans-Christian Küspert

02.12. Bibeltime v/Arnulf Sanvik

Kontaktperson: Inger Sigh Petersen. Tlf. 906 18 125.

Bibelgruppe - noko for deg?

Her kan du bli kjend med andre og dela tru og liv. Saman utforskar me bibelen.

Du er varmt velkomen!

For meir informasjon kontakt:

Anja Kristin Slåtten, diakonimerarbeidar, tlf. 417 04 958

Hans-Christian Küspert, sokneprest, tlf. 954 50 572

Kyrjekontoret, tlf. 56 52 38 80, e-post: post.voss@kyrkja.no

Sorggruppe

i Prestegarden

måndagar kl. 18-20.

21.09. | 05.10. | 19.10

23.11. | 14.12.



Kontaktpersonar: Sigrid Djukastein Mala. Tlf. 478 49 134.

Anja Kristin Slåtten. Tlf. 417 04 958.

Heimebesøk

Er det vanskeleg for deg å koma til oss, kjem me til deg.



Kontakt: Diakonimedarb. Anja K. Slåtten, tlf. 417 04 958.

Diakon Sigrid D. Mala, tlf. 478 49 134,

eller ein annan av våre tilsette.

Treng du nokon å snakka med? Me vil gjerne vera her for deg!

I kyrkja er det alltid rom for å kunna snakka om livet på godt og vondt. Prestar og diakonar har teieplikt og er her for deg.



Ta gjerne kontakt med ein av diakonane våre:

Anja K. Slåtten. Tlf. 417 04 958. E-post: as257@kyrkja.no.

Sigrid D. Mala. Tlf. 478 49 134. E-post: sm435@kyrkja.no.

TAVLA



Voss søndagsskule

i Vangskyrkja kl. 11.00: **27.09.** | **01.11.**

i Vonheim kl. 11.00: **29.11.**

Bolstadøyri søndagsskule

Datoar for hausten vert kunngjort lokalt.

Kontaktperson: Anny Karin Forthun. Tlf. 481 36 520.



Supertysdag

i Vonheim - for alle familiar!

29/9, 27/10



Meir informasjon på Facebook-gruppa
"Supertysdag på Voss - foreldregruppe"

T1 T2 T3 T4 T5 T6 T7 T8 T9

T-dagar

Scann QR-koden for å få oversikt
overplanlegde T-dagar framover.
Invitasjonar vert sendt i posten
og lagt ut på heimesida vår.



T10 T11 T12 T13 T14 T15 T16 T17 T18

Tweensklubb

for 5.-8.-klassingar

søndagar kl. 11.00:

11.10. i Vangskyrkja

25.10. i Vangskyrkja

08.11. i Vangskyrkja

22.11. i Vangskyrkja



Kontaktperson: Vetle Leksbø. Tlf. 947 93 477.

VELKOMEN TIL

Fredagsklubb

i Kyrkjestova på Oppheim

4. - 6. klasse: 18 - 20

7. - 10. klasse: 20 - 22

02.10. | 06.11. | 11.12.

Kontaktpersonar: Anja K. Slåtten. Tlf. 417 04 958.

Gro-Marie Samland. Tlf. 479 07 900.

Refleks Ten Sing

øver i Vonheim

torsdagar kl. 18.00-20.30.

Ungdom frå 13-20 år er hjarteleg velkomne!

Kontaktperson: Johanne Maria Storevik. Tlf. 995 08 737.



Føremiddagstreff i Raundalskyrkja



(kyrkjestova)

onsdagar kl. 11.00-13.30

• 23. september

• 14. oktober

• 11. november

Vel møtt!



VOK Voss kantori

øver i Vangskyrkja

tysdagar kl. 18.30-20.00

Songglade vaksne i alle aldrar er velkomne!

Kontaktperson: Gohar Marandyan.

E-post: gm282@kyrkja.no



Kyrkjelege handlingar

DØYPTE

Voss sokn:

14.05.2026	Ella Trondsen Afdal Ivar Kvalvik Viveli Johan Olai Laupsa Sandvik Synva Undal Misje
31.05.2026	Emil Norheim Lie Even Væhle Vindal Olav Selje Hagen Tobias Skeidsvoll
07.06.2026	Alma Kjelland-Halvorsen Christer De Lange Skjervheim Emrik Smørdal Balevik Jonas Hellesnes-Svelgen Liam Glavær
14.06.2026	Erling Harbakk Turvoll
17.06.2026	Lucien Tyr Escaro Grønås
21.06.2026	Bjarne Steinsheim Bruhaug Emil Arnfinn Håland Tømmerås Herman Johannessen Skjeldal
28.06.2026	Ada Ødven Lirhus Mari Vike Nore Pål Kabugu
12.07.2026	Sjur Finne Skutle
19.07.2026	Aurora Elen Silchenstedt Almeland
02.08.2026	Emrik Skjoldli Rønnekleiv Martin Opheim Skutle Olav Dregelid Kvåle
08.08.2026	Andreas Midtun Drivenes

Voss sokn:

16.08.2026	Harald Bonsaksen Dombestein Jonas Førde Hårklau Linus Melve Berge Tord Femsteinevik
23.08.2026	Henry Jordalen Liva Tvinde Røthe Mari Godøe Sophia Thorgersen Stue Thea Rogne Ulgenes

Vinje sokn:

30.05.2026	Olav Ekehaug Ulvund
21.06.2026	Ingrid Dawn Sunnarvik
16.08.2026	Sjur Sundve

Raundalen sokn:

30.05.2026	Anine Sandvik Rene
23.08.2026	Tiril Kvitne Vassenden Tobias Taule

Oppheim sokn:

24.05.2026	Amanda Hirth Lillehaug
------------	------------------------

Evanger og Bolstad sokn:

03.05.2026	Hallvard Lønnegraff Flansås
26.07.2026	Elvira Berge-Myrdal
01.08.2026	Aslaug Steinardotter Århus

Granvin sokn:

16.08.2026	Sjur Jørdre
------------	-------------

VIGDE

Voss sokn:

15.05.2026	Ellen Holt Skjerve og Kristoffer Døskeland
23.05.2026	Sofie Hagevik Nigardsøy og Tord Djukastein Kulen
30.05.2026	Christin Tolås Wefring og Sondre Engelsen Ødegård
03.06.2026	Nora Lødøen og Knut Lussand Selheim
06.06.2026	Sigrid Styve og Aleksander Væhle Dahl Janne-Maj Nagelsen og Tommy Opheim Fanebust Gerd Ingunn Hjeltne og Tom Karsten Garen
14.06.2026	Jeanette Voll Harbakk og Kristian Turvoll Røssland
20.06.2026	Marthe Helene Tonning Fond og John Inge Tveit

Voss sokn:

Ingrid Telle Hus og
Simen Tombre Klovning

Voss sokn:

	Lene Kristin Husabø og Sondre Hauglum Anne Marie Kvalen og Arild Lid Ingelin Malene Malkenes og Ådne Himle Matland
27.06.2026	Nora Kvingedal Rogne og Hans Andreas Torsvik
04.07.2026	Hanna Mathilde Juliussen og Severin Skattum
11.07.2026	Malena Katarina Sølvberg Breistein og Simen Andreas Tveter Kaja Nyre og Oliver Charles Cameron
25.07.2026	Kristin Cappelen Smith og Anton Lilleby
01.08.2026	Ranveig Fletre og Runar Hesjedal Eirin Lirhus Lemme og Stein Ove Årskaug
08.08.2026	Sanna Kjeldsen Midtun og Håvard Drivenes Anne Marie Kjellesvik Eriksen og Knut Larsen Holtekjølen Katrine Birkeland og Ole Martin Hagen

DØDE

med kyrkjeleg gravferd/bisetjing

Voss sokn:

17.04.26	Kirsten Helgaset	f. 1947
20.04.26	Johannes Sandal	f. 1933
27.04.26	Borgny Akselberg	f. 1927
30.04.26	Oddrun Herre	f. 1961
06.05.26	Gunnlaug Henden	f. 1930
06.05.26	Steffen Rokne	f. 1933
09.05.26	Åse Marie Skjoldli Een	f. 1947
10.05.26	Jan Fredrik Pettersson	f. 1956
11.05.26	Rolf Mongstad	f. 1948
12.05.26	Reidunn Rong	f. 1968
13.05.26	Terje Ringheim	f. 1958
26.05.26	Margit Dyrdal	f. 1939
10.06.26	Borghild Lingjerde	f. 1923
12.06.26	Margit Karin Tveit	f. 1927
13.06.26	Olav Dyrud	f. 1938
15.06.26	Kjell Inge Saue	f. 1964
16.06.26	Elisabeth Gjømstein	f. 1931
24.06.26	Jelena Mandic	f. 1931
26.06.26	Johanna Taule	f. 1937
28.06.26	Liv Kirsti Amundsen	f. 1948
29.06.26	Astrid Hamre Skutle	f. 1949
02.07.26	Reidar Gunnar Helle	f. 1937
14.07.26	Ingebjørg Susanna Fletre	f. 1937
22.07.26	Solveig Hole	f. 1927
26.07.26	Olaug Seim	f. 1929
27.07.26	Kjellaug Irene Lie Vethe	f. 1939
28.07.26	Osvald Kvammen	f. 1928
30.07.26	Olve Kvitne	f. 2005
05.08.26	Brynjolv Osgjerd	f. 1938
12.08.26	Arthur Drevsjø	f. 1936
14.08.26	Lars Himle	f. 1926
14.08.26	Oddvar Johan Slettemark	f. 1938

Evanger og Bolstad sokn:

30.04.26	Ivar Georg Petterson	f. 1936
20.06.26	Anna Vassenden	f. 1933
09.07.26	Erling Skjerveggen	f. 1933
02.08.26	Rolf Konrad Hosås	f. 1952

Granvin sokn:

03.06.26	Reidar Himle	f. 1946
26.06.26	Nikolai Lillegraven	f. 1946

Oppheim sokn:

18.04.26	Harald Juel Hartviksen	f. 1942
04.05.26	Gunnar Bjørke	f. 1954
05.07.26	Alf Egil Stensø	f. 1952

Raundalen sokn:

19.05.26	Ingrid Marie Veum	f. 1943
----------	-------------------	---------

Vinje sokn:

09.06.26	Hallvard Nummedal	f. 1954
----------	-------------------	---------



Gravplass i Voss

Plenslått på gravplassane

Voss kyrkjelege fellesråd forvaltar ti gravplassar i Voss herad, frå Bolstad i vest til Jordalen i aust. Alle skal vita at våre folk gjer alt dei kan for at gravplassane våre skal vera ein god plass å komma til for ro, refleksjon og gode minner. Gravplassane og kyrkjene våre er kanskje dei største minnebøkene me har i Vossabygda.

På forsommaren i år opplevde me nokre tilbake-meldingar som gjekk på mangelfull plenslått på gravplassane. Me var som før godt førebudde til sommarsesongen, men vart teke litt på senga av den kraftige veksten som kom etter ein kald og uvanleg våt forsommar. Med dei ressursane me har gjorde dette at me i ein kort periode ikkje klarde å halda tritt med veksten i graset. Slik vart det denne sommaren, og me tek årets erfaringar med oss i framtidig planlegging.

Kyrkjevevja

Voss sokn:

21.08.2026	Nina Merethe Haugen og Harald Konrad Moen
22.08.2026	Anne Siri Himle og Martin Utkvitne Charlotte von der Lippe Guthe og Pelle Erik Olov Sandström

Evanger og Bolstad sokn:

18.07.2026	Andrea Bolstad Raas og Nils Lars Axel Johansson
01.08.2026	Inga Århus og Steinar Tveiterås Ystanes

Granvin sokn:

08.08.2026	Brita-Sunniva Velken og Marcus Samuel Sørestrand Tolley
------------	---

Vinje sokn:

25.06.2026	Gina Furland Nordvik og Kjell Olav Kvalen
------------	---

Gudstenesteliste

Bolstadøyri bedehus:

18.10. kl. 17.00 Hausttakkefest med nattverd
v/Kvamsøe.

Evanger kyrkje:

27.09. kl. 17.00 Gudsteneste med konfirmant-
presentasjon og nattverd v/Kvamsøe.
01.11. kl. 11.00 Minnegudsteneste/-konsert v/Kvamsøe.
08.11. kl. 11.00 Jubileumsgudsteneste - Evanger kyrkje
175 år! – med nattverd v/Hellesøy og
Kvamsøe.

Oppheim kyrkje:

04.10. kl. 11.00 Gudsteneste v/Skeie.
01.11. kl. 19.30 Minnegudsteneste v/Skeie.
15.11. kl. 11.00 Familiegudsteneste med T5 v/Skeie

Vinje kyrkje:

18.10. kl. 11.00 Familiegudsteneste og hausttakkefest
med T3, T4 og T8 v/Sandvik.
08.11. kl. 11.00 Gudsteneste v/Sandvik.
Gullkonfirmanter.

Raundalskyrkja:

11.10. kl. 11.00 Gudsteneste v/Sandvik.
01.11. kl. 17.00 Minnegudsteneste v/Skeie.

Vangskyrkja:

27.09. kl. 11.00 Gospelmesse med nattverd og
søndagsskule v/Küspert.
Besøk av Restart Mass Choir.
04.10. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd v/Küspert.

Vangskyrkja:

11.10. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp og tweensklubb
v/Veland.
18.10. kl. 11.00 **Vonheim:** Gudsteneste med dåp
v/Hellesøy.
25.10. kl. 11.00 Folkemusikkmesse med nattverd og
tweensklubb v/Küspert.
01.11. kl. 11.00 Helgemesse med nattverd og
søndagsskule v/Küspert.
01.11. kl. 17.00 Minnegudsteneste v/Küspert.
08.11. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp og
tweensklubb v/Leksbø.
15.11. kl. 11.00 **Nain:** Fellesgudsteneste med eige
opplegg for barn/tweens.
Linda Askeland frå Åpne Dører deltek.
22.11. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp og tweensklubb
v/Küspert.

Granvin kyrkje:

04.10. kl. 14.00 **Mælandshagen:** Gudsteneste med
nattverd v/Ulvik.
18.10. kl. 14.00 Gudsteneste og hausttakkefest v/Ulvik.
Nattverd. Kyrjekaffi.
01.11. kl. 19.00 Minnegudsteneste v/Ulvik.
22.11. kl. 11.00 Familiegudsteneste med T3-5,
utdeling av 4-årsbok v/Ulvik.

Ver merksam på at det kan koma endringar på gudstenestelista!

Følg med i avisa Hordaland eller på www.voss.kyrkja.no



**Dåp kan bestillast
via kyrkja si heimeside:
www.voss.kyrkja.no**

Gå til dåpspåmelding og kryss av for den
eller dei kyrkjene som kan vera aktuell for
å få fram gudstenester der det er sett opp
dåp i komande halvår.

Har du spørsmål, kan du kontakta oss via
telefon: **56 52 38 80** eller
e-post: **post.voss@kyrkja.no**